



Sakspapir til Årsmøte Solund Idrettslag 2019

Sak 5: Godkjenning av årsmelding 2019

ÅRSMELDING 2019 - SOLUND IDRETTSLAG



Ny fjelltrimpost: Sognesjøhytta

Foto: Lillian Herland

STYRESAMANSETJING

Styret i Solund Idrettslag (SIL) har i 2019 hatt fylgjande samansetjing:

Leiar:	Irene Sanden
Nestleiar:	Kim Arnes
Sekretær:	Daniel Røed
Styremedlemmar:	Kent Inge Strand
	Stella Tomczuk
	Jørn Otto Olsen

Varamedlemar:	Ann Helen Kvamen
	Kjell Mongstad
	Nina Bauge

Heidi Sanden har hatt kasserarvervet i Solund idrettslag.

Styret konstituerte seg på andre styremøtet i 2019, etter årsmøtet, den 08.04.19.

Praksissen med å kalle inn 1. vara til alle styremøter har vi slutta med og kallar inn vara ved behov.



STYREMØTER

Styret har til saman hatt 5 styremøter i 2019, tre på våren og to på hausten. På desse møta har ein totalt handsama 36 saker. Me ser at mykje av det som tidlegare vart planlagt og avtalt på møte kan avtalast på mail og planleggast utanom. Det er i tillegg enklare å få ut informasjon til medlemmar, aktivitetsleiingar, badevakter på mail og ikkje minst facebook-sida vår som fungerer som ein viktig informasjonskanal.

På styremøta er det god stemning og alle i styret arbeidar for å finne gode løysingar til det beste for Idrettslaget.

DUGNAD

- Ryddedugnad i Idrettsbygget 1. januar 2019.
- Ryddedugnad i Solund Idrettspark 15. april 2019.



Vi i Solund Idrettslag byrja dugnadsåret 2019 tidleg. Allereie 1. januar var vi i gang!

KURS

- Badevaktkurs laurdag 12. januar 2019 med instruktør Sonja Olsen som har arrangert dette kurset for oss i sikkert nærare 20 år!



Instruktør Sonja Olsen med flinke badevaktelever på det årlege kurset, januar 2019.



ARRANGEMENT

- Svøm langt kampanjen 2019: Svøm deg til Albania januar-mars.
- Presentasjon/orientering om SIL på «Kva skjer» på Skafferiet 24. januar.
- Var med på Seminaret Inkluderande oppvekstmiljø i Solund kommune den 5. februar der mobbeombodet i Sogn og Fjordane, Aina Drage hadde foredrag. Aktivitetsleiarar og dei som jobba med barn og unge var spesielt invitert. SIL avlyste dei faste treningane denne dagen for å vere med på dette viktige møtet.
- Besøk av Elisabeth Bjørvik frå volleyballforbundet 1. mars. Ho hadde på dagtid eit opplegg på skulen og om kvelden hadde ho ei treningsøkt med volleyballjengen. Vi var så heldig å få nytt utstyr frå volleyballforbundet, nye nett og nye ballar.
- Årsmøte for 2018 vart halde 11. mars i Idrettsbygget.
- Sulemarsjen vart tradisjonen tru arrangert 1.mai på Ulvegveina (og for nokre Dumbetinden) i samarbeid med Ytre Sogn Turlag og Solund skulemusikk med konsert på toppen.
- Solund sendebrettlaug arrangerte Vestkysttouren 11. mai og pargolf 12. mai.
- Stand på Solunddagen med hoppeborg og arrangør av «Kanoløpet 2019» laurdag 24.august.
- Sil arrangerte saman med folkehelsekoordinator i Solund og Ytre Solund Idrettslag seminaret «Små grep – store helsegevinstar. Tips til gode kvardagsvanar» den 13. november. Her hadde klinisk ernæringsfysiolog Norene Grytten, fysioterapeut Kari Einen og kognitivterapeut Sirpa Markkanen gode foredrag.
- Nissemarsj torsdag 12.desember
- Juleavslutning/ sosialsamling for dei frivillige i SIL på Skafferiet med pizza og Jengaturnering den 21. desember.
- Sula Hula cup 26.desember



Besøk av Elisabeth Bjørvik frå volleyballforbundet. Deltakarar på Kanoløpet på Solunddagen 2019.



Sula Hula cup jula 2019



Nissemarsjen desember 2019



TURAR/TURNERINGAR UTANFOR KOMMUNEN

- Volleyballgjengen var med på Enivestcupen i Florø 10. februar.
- Handballgjengen var med på Vestkystcup i Florø 24.-25. mai.
- Nokre av medlemmane i Solund sendebrattlaug var med på Vestkystturrundane i Fyllingsdalen, Flaktveit, Frekhaug, Herdla og Bømlo. I tillegg var nokre med på Norgescupen på Flaktveit 25.mai.
- Friidrettsgjengen var med på AKS-leikane i Knarvik den 8. juni.
- Nokre av medlemmane våre sprang for Solund IL. på Knarvikmila 31. august.
- Vi hadde 3 lag frå 1.- 6.klasse med på fotballturnering på Dalsøyra 22. september.



AKS-leikane i Knarvik



Enivestcup i Florø



Fotballturnering på Dalsøyra

AKTIVITETER

SIL sitt fokus ligg på å gje eit godt og breidt tilbod av aktivitetar og arrangement for alle medlemmar. Aktivitetsnivået er høgt i Idrettslaget og timeplanen til Idrettsbygget er så og sei full. Det er ikkje mange dagar i året, dersom ein ser vekk frå skuleferiane, at det ikkje er aktivitet i Idrettslagets regi. Ein ser at interessen for dei forskjellige aktivitetane går litt i bølgedalar. Nokre år er ein aktivitet veldig populær, medan andre år er det lite oppmøte på den aktiviteten, men stor aktivitet på ein anna. Sidan vi har så mange aktivitetar, særskilt for dei som går på ungdomsskulen vil ikkje alle aktivitetane «overleve» kvar sesong fordi det er for få som møter. Særskilt i lagidrettar er ein avhengig å ha nok folk med.

Målet til SIL er å få flest mogleg i fysisk aktivitet, difor er lågterskelaktivitet viktig for laget, noko som logoen vår, badeanda, skal gje eit bilete på. Vi tenkjer det er viktigare å ha gode, varierte aktivitetar kvar veke enn mange forskjellige arrangement i løpet av eit år. Vi er svært takksame for alle aktivitetsleiarane som stiller kvar veke slik at vi kan tilby treningsaktivitetar til medlemmane våre.

Faste aktivitetar Solund Idrettslag har hatt i 2019 er:

- Barneidrettskule/open hall 0-6 år (Irene Sanden og Gro Pollen. Avslutta hausten 2019 pga lite oppmøte)
- Bading for dei minste 0-3 år (Signe BJORØY og Ingrid Myrstad)
- Aerobic frå ungdomsskulen (Sissel Kråkås fram til sommaren 2019)
- Sirkeltrening for alle (Anne Lerpold/Hilde Marit N, Trovåg etter sommaren 2019)
- Handball 4.-10.klasse (Jørn Otto Olsen og Lillian Herland)
- Volleyball 5.-10.klasse (Maciek Tomczuk, Tor Arne Hauge, Stella Tomczuk og Hildegunn Strand)



- Fotball frå 1.klasse og oppover så langt det er vilje til å spele fotball. (Daniel Rød, Line Tordal Førde før sommaren. Dorthea Hauge, Karoline Tangenes etter sommaren. Kim Arnes, Ingvar Mårstig hele året.)
- Innebandy frå 6.klasse (Renate Njøtøy)
- Yoga frå ungdomsskulen (Ingvill Storøy, Victoria Slaymark)
- Friidrett 5.-10.klasse (Nina Engevik).
- Crosstrening frå 6.klasse (Hilde Moen Lamo og Ann Helen Kvamen)
- Karate frå ungdomsskulen (Thomas Frøyen. Avslutta hausten 2019 pga lite oppmøte.)
- 4x4 vart starta opp igjen i haust (Hilde Marit Trovåg)
- Racketsport (minitennis, bordtennis og badminton) vart starta opp på seinhausten (Mark Elvevåg).
- Offentleg bading (badevakter).



Frå fotballturneringa til 1.-3.klasse hausten 2019.

Utandørsaktivitet er også ein del av programmet til SIL. Fjelltrimmen (Ansvarshavande: Kari Einen) er godt besøkt av både medlemmar og ikkjemedlemmar. Det merkast at vi har oppretta ei fjelltrimgruppe, desse gjer ein fantastisk jobb med å merke både nye og gamle stiar.

Det er kjekt å sjå at sjølv om (naturleg nok) nokre aktivitetsleiarar og badevakter sluttar, dukkar det opp nye! SIL har i 2019 fortsatt prøvd å ha fokus på aktivitetsleiarane og badevaktene og den flotte dugnadsinnsatsen desse gjer kvar veke. Alle aktivitetsleiar får Solund IL genser og badevaktene får Solund IL t-skjorte.

SAKER OG PROSJEKT


Sognesjøhytta:

Dagsturhytta har blitt ein ny post i fjelltrimmen i Solund Idrettslag. Den kom på plass våren 2019 og vart offisielt opna hausten 2019. Ei kjempe flott hytte som vi i Solund allereie har fått eit godt forhold til. For ein litt mindre tur har ein også laga posten «På veg til Sognesjøhytta». Det står endå igjen ein jobb for å gjere stien ut til hytta betre, dette vert det jobba med.



Solund Idrettspark:

Etter at klatreparken kom på plass i slutten av 2018 har det vore rolege tider i Solund Idrettspark. På slutten av 2019 har vi tatt opp igjen ballen med å byrje å jobbe med korleis vi skal klare å realisere Idrettshuset i Solund Idrettspark. Etter at ein gjorde ein jobb med tippemiddelsøknaden i kommunen ser vi at det er eit mindre beløp enn fyrst antatt vi i Solund Idrettslag må vere med å samle inn frå private aktørar. SIL har allereie spart opp kr.550 000,- og vi manglar ca 2 millionar kroner. Det er eiga Idrettshusgruppe som arbeider med dette og jobben vert intensivert i 2020.



Solund Idrettspark med nytt idrettshus.

Kiosk og vask av trimrom:

10. klasse har også i år stått for vask av trimrommet kvar veke. Det var også desse som hadde ansvar for kiosk i Idrettsbygget fram til sommaren. Frå hausten var det 9.klasse som tok seg av kioskdirifta.

MEDLEMSTAL

Medlemstall pr 31.12.2019 er 232.

SÆRFORBUND

Solund idrettslag er medlem av fylgjande særforbund:

- Norges Svømmeforbund
- Sogn og Fjordane Symjekrins
- Norges volleyballforbund
- NAIF – Norsk Amerikansk Idretters Forbund

MÅL FOR 2020

Når vi no endeleg har fått på plass Solund Idrettspark med kunstgrasbane, friidrettsanlegg, 18-hols sendebrettbane, skatepark og klatrepark, er naturleg nok eit Idrettshus med garderobar, toalett, lager og oppgradert trimrom eit neste mål. Vi er svært glad for at dette er innarbeidd i kommunen sin økonomiplan og vi håper at vi skal klare å samle inn pengar til dette prosjektet saman med Solund kommune. Sjølv om dette er det viktigaste, store prosjektet til Solund Idrettslag framover skal ikkje dette gå på bekostning av drifta i laget. Vi er no godt i gang med å gjere ein innsats på å samle inn dei siste kronene til Idrettshuset. Til no har SIL spart



opp kr. 550 000,-. Vi har tatt kontakt med næringslivet i Solund og særskilt havbruksnæringa. Vi har vore i kontakt med BKK og søkt Sparebankstiftinga om støtte. Denne jobben vert intensivert i 2020 og vi håper vi får samla inn dei ca 2 mill.kronene vi manglar til dette prosjektet.

I 2020 har SIL 50 årsjubileum så vi håper på å få til ei feiring av dette hausten 2020. I løpet av året vil vi gjere småting for å markere dette jubileumet.

Styret i SIL ynskjer å arbeide for å vidareføre det høge aktivitetsnivået og medlemstalet ein har i laget per i dag. Det er viktig med eit allsidig og godt tilbod til medlemmane. Det er svært viktig å ta vare på dei gode ambassadørane i Solund Idrettslag som stiller som aktivitetsleiarar, badevakter, styrerepresentantar og andre som gjer eit fantastisk frivillig arbeid i laget, samt rekruttere nye.

SIL betyr svært mykje for heile samfunnet i Solund. Aktivitetane og arrangement er alltid eit møtepunkt for store og små, men krev mykje engasjementet frå eldsjelene i SIL. Vi kan vere stolte av det arbeidet vi gjer og dei aktivitetane vi skapar.

Sjå egne årsmeldingar for aktivitetar i Solund Idrettslag, ligg på solundil.no og SIL si Facebook side (blir også lagt ut i Idrettsbygget ved årsmøte).

Takk for godt samarbeid i 2019.

Hardbakke 4. mars 2020

*Irene Sanden
(Leiar SIL)*



Dei viktigaste i Solund Idrettslag: DEI FRIVILLIGE samla på Skafferiet til sosial samling med pizza og Jengaturnering 21. desember. FOR ein flitt gjeng!!



SAMLA ÅRSMELDINGAR FOR AKTIVITETANE I SOLUND IDRETTSLAG

ÅRSMELDING AEROBIC 2019

Tradisjons tru hadde vi i vårsemesteret 2019 aerobic måndagar kl. 20-21. Treninga har i dei åra den har stått på aktivitetsplanen til SIL hatt eit jamt og forholdsvis høgt deltakartal med 12-15 personar i snitt. Deltakarane har hovudsakleg vore damer i alderen 25-50 år.

Treningane har vore bygd opp med ca 35 minuttar kondisjon og 20-25 minuttar styrketrening med påfølgjande uttøying. Eit enkelt koordinasjonsprogram der deltakaren kan tilpasse nivået etter eigne forutsetningar, styrketrening med fokus på kjernemusklar og variert bruk av manualar og coreball. Dette er ei effektiv og god organisering ein har fått gode tilbakemeldingar på. Det verkar som om deltakarane set pris på forutsigbarheita gjennom eit fast program med ca 55 minuttar effektiv trening

Det har vore inspirerende og kjekt å vere instruktør på aerobicen. Treningane har vore prega av jamt oppmøte, treningsglede og gode tilbakemeldingar frå deltakarane.

Hausten 2019 hadde underteikna ikkje kapasitet til å vere instruktør på treninga. Det er synd at vi ikkje har lykkast å få ny instruktør då dette har vore ei trening mange har sett pris på. Eg har fått fleire tilbakemeldingar om at treninga er sakna blant medlemmane i SIL.

Sissel Kråkås

ÅRSMELDING SIRKELTRENING 2020

Det har vore sirkeltrening måndagar frå kl 20-21 frå september 2019.

Det har vore varierende deltaking på treningane, men har frå januar 2020 auka på med deltakarar. I det siste har det vore rundt 10 personar på trening.

Vi ser at sirkeltreninga treff ein del personar som ikkje deltek på andre aktivitetar i SIL. Aldersgruppa som har delteke har vore frå 13 til 76 år. Stort sett er det damer som deltek.

Anne Lerpold



ÅRSMELDING CROSTRENING 2019

Crosstreninga fokuserer framleis på varierte og funksjonelle, enkle øvingar som utførast med høg intensitet. Treninga har høg intensitet, som fører til at ein også vil få kondisjonsutbytte av treninga, i tillegg til auka styrke. Ein fokuserer på variasjon i treninga, og deltakarane veit difor ikkje kva som ventar dei kvar økt. Ein skal få utfordra både kropp og viljestyrke når det kjem stadig nye utfordringar. Treninga skal i utgangspunktet kunne tilpassast uansett fysisk funksjon, og vert difor i hovudsak gjennomført med berre kroppsvekt, men også med strikk og ekstra vektor innimellom. Vi organiserer felles oppvarming, gjennomgang av "dagens økt" og gjennomføringa av økta, og ei meir fri og uformell uttøying og avslutning på treninga.

I 2019 hadde vi først trening tysdagar og torsdagar, og på vårparten vart ein del av øktene gjennomførte i idrettsparken eller på kaia. På hausten reduserte vi til ei trening på torsdagar. Framleis er det veldig varierende kor mange som deltek, alt frå 4 stk til nærmare 20 stk. Frå hausten av har det vore færre frå ungdomsskulen som har delteke.

Hilde og Ann Helen

ÅRSMELDING YOGA 2019

Yoga-aktiviteten har vore lagt opp til å vare i ca. 1 time. Det er noko ulikt program for kvar trening med ulike fokusområder: skulder, rygg, balanse, fordøyelse med meir. Økta vert avslutta med avspenning. Me held framleis til i Myldrerommet og trivast med det. Vi har også ei messenger-gruppe kor dei som oftast er med får oppdateringar i fall ei økt vert avlyst, eller kva som vert tema for økta.

Det har vore svært godt oppmøte på aktiviteten, med jamnt rundt 8 deltakarar. Ved nyttår har antalet deltakara auka til 12-15 stk.

Victoria Slaymark har og helde fleire økter. Ho er sertifisert yoga instruktør og har gjeve oss fine opplevingar på matta.

Det er mange positive tilbakemeldingar på aktiviteten. Mellom dei som deltek er det eit særskilt fellesskap som oppstå under øktene, roa senkar seg og det er mange smil å sjå.

Etter nyttår vil vi forsøke å ha yoga-inspirert trening for menn.

Ingvill



Årsmelding for friidrett 2019

Treningane for friidrett har vore onsdag kl. 19.00 – 20.00 Det har vore eit jamt oppmøte gjennom året med 7 – 10 barn/unge. Det var litt utskifting ved oppstart på hausten som det alltid er, så det har kanskje vore ei litt mindre gruppe hausten 2019

Mars/april til september/oktober har vi nytta friidrettsanlegget i Solund idrettspark. Vi har trent på løp, hekkeløp, stafett, lengde, hopp og kulestøt. Treningane har alltid nokre faste element, men også leikbaserte aktivitetar og "Mesternes Mester"-øvingar.

Oktober til mars har vi stort sett vore inne i hallen med treningane. Hovudfokuset inne har vore høgdehopp, spensttreningar, hurtigheit og uthald. Også her har vi mange leikbaserte aktivitetar og konkurransar.

Det er stort sett bra intensitet på treningane. Er det konkurransar eller testar, gir dei alt. ☺



8. juni deltok 5 jenter på Aksleikane på Knarvik friidrettsarena. Dette var ein fin erfaring for dei. Kjekt å kunne samanlikne seg med andre i same alder. Fleire av dei utmerka seg i ulike greiner. Vi hadde deltakarar i kulestøt, 60-meter, lengdehopp og høgdehopp.





ÅRSMELDING VOLLEYBALL 2019

På treninger pleier det å komme ca. 12-14 faste spillere. Ungdom fra 6 - 10 klasse, (ingen fra 5 klasse).

Dette er en fin gjeng med både jenter og gutter som har full respekt for hverandre. De er virkelig gode rollemodeller – flinke spillere.

Enivestcup våren 2019 - Vi bestilte båten til Florø og søkte Solund kommune om midler.

Tilskuddet fra kommunen kom på ca. 11.000 kr.

En stor gjeng var med på cup - 12 deltakere både jenter og gutter fra 5-9 klasse, samt en «heia gjeng». Det har vært en utrolig kjekk og sosial opplevelse.

Fra september 2019 fikk Solund tilbud om å være med på samlinger arrangert for hele Sogn og Fjordane, for å lære om teknikk, bevegelse og system – dette for å bli med på VM i Oslo.

Det vart 3 spillere som deltok fra begynnelsen - de betalte reisen og kontingent selv.

Volleyballgjengen fikk en god tilbakemelding på at Solund har fått så mange engasjerte spillere de siste 2.5 årene, selv om kommunen er veldig liten.

Dette er virkelig en fantastisk innsats!

Stella og Maciek





ÅRSMELDING HANDBALL 2019



Jørn Otto har hatt treningane for 4.-6.klasse, medan Lillian har hatt treningane for 7.-10 klasse . Det har vore eit oppmøte på ca. 8-10 stk i kvar gruppe, men mot jul sank dette noko. I byrjinga av 2020 var det så få som møtte i den eldste gruppa at vi slutta med denne treninga. Årsaka til at det vart så få var nok endring av treningstida i tillegg til at det var andre aktivitetar som vart prioritert av spelarane. Slik vil det berre bli når vi har så mange aktivitetar å velge mellom.

I gruppa 4.-6. klasse fokuserer vi på styrketrening i form av pasningsspel, angrep og forsvarsspel, og smått begynt med litt kondisjonstrening. Treninga er delt opp med oppvarming i begynnelsen, ca. 15 min. taktisk trening 45 min og speletrening i 30 min. Leik og moro med ball er det viktigaste.

I gruppa 7.-10. klasse fokuserer vi på kondisjonstrening, samt styrketrening i form av å styrke armmuskulaturen, magemuskulatur og beinmuskulatur. Vi jobbar med strukturert trening der vi har fokus på det vi held på med. Vi jobbar med å ha god keeperoppvarming, der keeper og trenar på teknikk. Vi jobbar med å få eit godt forsvar, samt øver vi på angrepsspel.



Vi har ingen seriespel, men deltok på vestkystcup i mai 2019. Vi stilte med lag frå begge aldersgruppene. Det blei ingen siger i cupen, men den var både sosial og kjekk med spelarar som kosa seg på tur.

Før jul hadde vi ei sosial samling der vi markerte avslutninga for Lillian. Ho jobbar i Florø i vekene og kan ikkje vere med å ha treninga lengre.

Det har vore eit kjekt halvår med trening og spelarane er motivert til å fortsette. Dei virka til å ha da kjekt og jobbar godt saman som eit lag.

Jørn Otto og Lillian

ÅRSMELDING INNEBANDY 2019

Innebandyen er på onsdagar kl. 20.00. Vi har bra oppmøte på innebandyen no, vi er opptil 15 stk. på treningane. Aldersgruppa på dei som er med er frå ca. 11-40 år. Vi har det veldig kjekt. Vi har fått nye ballar som vi set pris på, sidan vi har ødelagt dei andre ved å trakke på dei. Dette viser stor aktivitet!

Renate



ÅRSMELDING FOTBALL 1.-3. KLASSE 2019



Vi har hatt trening mandagar klokka 17.00 til 18.00. Det har vore varierende oppmøte med mange ved oppstart i august, men litt færre utover hausten. No etter jul har det vore ca.8-10 ungar med. Alle barn som har delteke på desse treningane har måtte hatt med seg ein forelder. Dette har vore positivt for både barn og oss trenarar. Vi ser behovet for at ein held fram med denne ordninga.

Vi har hovudsakleg hatt treningane ute på idrettsbana, men har eit par gongar måtte søke ly for storm og regn inne i idrettsbygget.

I september deltok vi på turnering på Dalsøyra. Dette var stor suksess, og vi klarte til og med å stille med to fulle lag. Det var kjekt at så mange foreldre og søsken var med å heia på oss.

Dorthea og Karoline



ÅRSMELDING FOTBALL 4.-6. KLASSE 2019

Skulestart høsten 2019 starta vi opp med fotball for 4.-6. klasse på Solund idrettspark vi var en liten gjeng på mellom 4-6 stykker på treningane dei første månadene, dette gjorde til at vi fekk litt utfordringar med å ha ordentlege økter med øvelser og spel når antallet spillere varierte for hver trening. Søndag den 22 sep. reiste vi til Dalsøyra i strålende vær og spelte turnering, dette var noe spillerne synes var fantastisk kjekt og som gjenspeilte seg i spillet og gleden på banen. Mot slutten av 2019 og i 2020 har vi hatt utfordringer med å gjennomføre treninger da min jobbsituasjon har ført til at eg ikke kunne tatt alle treningene og det har blitt vanskelig å få inn erstattere (har fått veldig god hjelp fra Karoline Tangenes og Dorthea Hauge innimellom). I det siste har det vert lite oppmøte noe som igjen har ført til at vi ikke kan ha gjennomført treninger. Situasjonen i Solund Idrettslag er pr dags dato at vi trenger flere frivillige ungdommer/voksne aktivitetsleiarar til fotball og andre aktiviteter. Vi håper fra høsten av at vi skal få på plass aktivitetsleiarar slik at vi kan fylle alle årsklasser med trenere. Derfor trenger vi DIN HJELP.....

Mvh Kim Arnes

Fotballtrener for 4-6 klasse





Årsmelding for Solund Sendebrettlaug for år 2019

Solund Sendebrettlaug vart stifta 28. juni 2015 av 15 stiftarar. Den 20. august same år vart lauket formelt tatt opp som undergruppe i Solund IL.

Lauget sitt føremål er:

«Solund Sendebrettlaug skal drive både toppidrett og ha det moro innafor dei lovmessige og etiske rårer som Norges Idrettsforbund og Solund Idrettslag gjev».

Årslaugsmøte i år 2019:

Det vart halde årslaugsmøte den 11.mars 2019. Laugsrådet har vore slik samansett i driftsåret:

Faste medlemer:

Fanni Balatoni (2 år)
Endre B. Natvik (2 år)
Kim Arnes (2 år)
May Brith Kalgraff (1 år)
Kjell Mongstad (1 år)

Varamedlem:

Jan Kåre Nessen (1 år)

Kontingenten fastsett til:

Kr. 150,- pr. medlem

Kr. 300,- for familiemedlemsskap inkl. «born» til og med siste ungdomsskuleår

Kontingenten har ikkje vore kalla inn i år 2019, sidan det ikkje har vore organisert aktivitet for medlemene i driftsåret.

Laugsmedlemene:

Det var 80 medlemer i lauket i år 2018 med smått og stort. Av desse var 27 single medlemsskap og 12-15 medlemer var ikkje aktive småbarn som var inkludert i familiemedlemskapen. Medlemsskapet er automatisk overført til år 2020, om ikkje nokon aktivt har meldt seg ut.

Møteaktivitet og saker:

Det har vore gjennomført 2 laugsrådsmøte i meldingsåret.

Dei aller viktigaste sakene har vore:

- Ferdigstilling av den re-etablerte 9-korgsbana rundt Idrettsparken.
- Vestkysttoure i Solund år 2019
- Planlegging av årslaugsmøte

Diskolfaktiviteten i lauket:

Handlingsplanen vart vedteken på førre årsmøte slik (status satt inn):

- | | |
|--|------------------------|
| • Montere plexiglass på utkast-skilta 18-korgsbana | - gjennomført |
| • Lage design og montere designa på utkast-skilta på 9-korgsbana | - gjennomført |
| • Skaffe sponsorar og finansiering til arrangement / konkurransar | - gjennomført |
| • Arrangere Vestkysttoure 11.-12. mai 2019 | - gjennomført |
| • Planlegge ein nasjonal konkurranse i år 2020 (t.d. Pargolf-NM) | - ikkje gjennomført |
| • Reise saman og spele på ulike baner / ulike turneringar i regionen | - gjennomført |
| • Innarbeide søndagsgolven som fast treffpunkt | - ikkje gjennomført |
| • Fokus på samarbeid | - delvis gjennomført |
| • Fokus på rekruttering | - delvis gjennomført |
| • Spele inn til den kommunale Idrett- og Friluftspanen | - jf. SIL sine innspel |



- Lyssetting skøytebane korg 10/11
- Akebakke ned til korg 12
- Andre innspel

Som det går fram av planen, så er mykje gjennomført, men ikkje alt.

Det har ikkje vore arrangert faste treningar eller organisert aktivitet i lauget i år 2019, utover den aktiviteten som var knytt til førebuinga og gjennomføringa av Vestkysttouren.

Det har likevel vore ein vesentleg aktivitet i diskolfanlegget i driftsåret. Forutan all aktivitet som har knytt til Vestkysttouren, så har mange lokale og tilreisande, nytta anlegget anten aleine eller saman med andre som treningsrundar eller som ein rein sosial aktivitet. Den populære 9-korgsbana er komen i aktiv bruk igjen, og har gjort at terskelen er komen ned på eit slikt nivå at sjølv «Hvermannsen» kan finne på å ta seg ein kjapp kveldsrunde like før leggetid.

Anlegget har faktisk vore så mykje nytta i år 2019, at det er like før aktive spelarar oppnår såkalla PDGA-rating på rundane sine, når ein konkurranse vert gjennomført.

Arrangør av Vestkysttouren 11. mai og Pargolf 12. mai:

Solund Sende Brettlaug fekk den store æra å få lov å arrangera ein del av Vestkysttouren 2019, saman med diskolfklubbane på Frekhaug, Flaktveit, Fyllingsdalen, Herdla, Sandnes, Ølberg og Karmøy .

Vinteren og våren vart det arbeidd intenst med m.a. å få 9-korgsbana fullført og preparert banene med forskriftsmessige fairwayer, utkastsoner, OB-er og mandolinjer.

Eit spreitta nytt banedesign vart laga for både 18- og 9-korgsbana, til konkurransedagane.

Alt saman vart gjort på dugnad og det gjekk med omlag 80 timar berre i førebuingar til touren.

I tillegg kom sjølve gjennomføringa av helga, der vi også hadde engasjert ein TD (teknisk delegert).

Det var stor vilje til å yte sponsormidlar til arrangementet. Desse verksemdene bidrog kvar med sin skjerv: Sunnfjord Energi, Vidar Hop Skysstaater, P/R Sulejet, Norsk kystkulturakademi, Solund verft, Solund Eiendom, Sulemat og Solundmat.

Dag 1: Den offisielle Vestkysttour-turneringa:

Det var 38 deltakarar på konkurransedag 1; - fordelt på open herrar-, open damer-, master- amatør-, og juniorklassar. Det vart gjennomført 2 rundar på 18 hols bana;- runde 1 som mix mellom klassane, runde 2 klassevis, fordelt etter score i 1. runde.

Dei 5 beste i kvar klasse vart premierte. Berre dei som hadde PDGA-meldemsskap som profesjonelle, kunne motta pengepremie. Det vart også delt ut deltakarpremiar og "closest to pin"(ctp)-premie.

Det vart delt ut like premiar til alle barn / juniorar (6 stk.).

Under arrangementet var sekretariatet stasjonert i skateboarden. Rampen vart nytta som base for konferansieren; - der føregjekk også premieutdelinga og matservering. Dette fungerte veldig fint.

Tor Eriksen vann Open-klassen der Håvard kom på 4. plass. Våre medlemer Karoline, Fanni og May Brith tapetserte pallen i dameklassen. Aron og Gaute toppa juniorklassen 😊 Tommy Nesse vann amatørklassen, der Eirik kom på 6.plass. Og Roar Gjøsaeter vann master-klassen med turneringa sin beste prestasjon; - 5 under par på 1. runden, og det under svært krevjande vindtilhøve.

Dag 2 - Pargolfen:

Det var 32 personar (16 par) som deltok på den litt meir uformelle pargolfen. 9 av desse var juniorar. I pargolf kaster ein alltid frå beste diskplassering, slik at dei yngste og meir urøynde også har sjansen til å oppnå gode resultat. Det vart uhyre jamt, med delte 1. og 3. plassar. Tommy var med på vinnarlaget, og Tarjei/ Torstein kapra 2. plassen. Berre pallplasseringane vart premierte.

Det vart også trekt ut deltakar- og ctp-premiar i Pargolf-turneringa. Alle 9 juniorane vart satt ekstra



pris på og premiært likt. Ingen mottok pengepremier på denne delen av turneringa.

Det vart 2 fantastiske dagar med strålende v r og sv rt god stemning. Og kanskje det mest gledelege var den gode deltakinga i juniorklassen, der heile 9 juniorar var med. Dette vart lagt merke til og kommentert av dei tilreisande.

Noko av f rem let med denne touren, er   rekruttere og   gje dei yngre gode opplevingar og l ring. Det er ogs  verd   nemne at diskolf er ein gentlemanssport, og i Vestkysttouren er det ikkje lov   psyke ut og   kritisere, berre gje ros og oppmuntre. Reglane elles vert ikkje praktisert strengt, men vert presisert for nye deltakarar, slik at dei l rer.

Matsserveringa fungerte utmerka, d  elevar fr  10.klasse m/foreldre vart engasjert til   l yse dette. Det vart servert om lag 140 halve baguetter med heimelaga egger re og salat, r ykelaks fr  Sulemat og med nokre med Solundmat sine p lser, fenal r og villsaukj ttboller p . Brus, saft, vatn og r rekaker vart ogs  servert, samt bananer som etter reglementet, alltid m  vera p  plass. P  laurdagskvelden var vi ein stor gjeng som samlast til Quiz-kveld m/pizza p  Skafferiet.

Tilbakemeldingane til arrang ren fr  dei mange tilreisande, var overveldande gode, b de p  det totale diskolfanlegget vi har laga, det spanande banedesignet som er tilpassa v re naturgjevne f resetnader, og ogs  p  sj lve gjennomf ringa av turneringa. Og sj lv om det naturlegvis vart fleire som ikkje vant, enn dei som vant, s  tyder tilbakemeldingane p  at her ynskjer ein   koma attende for b de   spele meir diskolf, men ogs  for   oppleve meir av det kommunen har   by p . Vi ynskjer   arrangere Vestkysttouren i Solund  rlag. Tilbakemeldingane er veldig gode p 

Solund Sendebrettlaug nyttar h vet og takkar s  hjarteleg for alle som har vore med p  dugnad og som valde   sponsa Vestkysttouren i Solund i  r 2019, og ei s rleg takk til 10.klasse elevane med foreldre som sette prikken over i-en med   servere kjempegod mat og drikke desse dagane.

Deltaking p  dei andre Vestkysttour-rundane:

Solund Sendebrettlaug hadde fleire deltakarar med i dei andre Vestkysttour-turneringane som vart halde andre stader (Fyllingsdalen, Flaktveit, Frekhaug, Herdla og B mlo).

Og Gaute vann ein flott 2. premie i juniorklassen samanlagt. Gratulasjonar til Gaute for den flotte prestasjonen 😊

Deltaking p  Norgescupen p  Flaktveit 25. mai

Her deltok Sendebrettlaug med 2 deltakarar.

Etter ein noko t ff start, gjennomf rte H vard sin 3. runde p  5 under par (best av alle). Han kapra seg difor ein plass i finalen og hamna til slutt p  ein flott 17. plass; - og det i kamp med heile Noregs-eliten. Men som vanleg m  man nok snu heile resultatlista for at Kjell skal hamne p  toppen i sin klasse. Men denne gongen var han berre 7 kast fr    hamne p  6. plass i Grandmaster-klassen.

Solunddagen 24. august og s ndag 25. august

Lauget stilte opp tradisjonen tru p  Solunddagen, med sin uformelle puttekonkurranse. Og s ndagen derp , vart det gjennomf rt ein triveleg runde p  9-korgsbana, der fokus var at nybegynnere skulle f  h ve til   pr ve seg.

Arbeidet med diskolfbanene

Eit av dei viktigaste m la som laugget har hatt, har vore   f  p  plass eit fullverdig diskolfanlegg i- og rundt Solund Idrettspark- og friluftsomr de.

I perioden januar til mai, fekk laugget tatt dugnadsfinishen og dei dei siste investeringane knytt til b de 18- og 9-korgsbana. Lauget fekk donert nokre terassedelar fr  gode naboar og utkastfelta vart solide og kjempegode. H vard arbeidde fram eit nytt banedesign for samlege 27 baner, slik ein tidleg avtalte at ein skulle gjera n r banene berre var tilstrekkeleg utpr vd. Dei gode provisoriske



utkastskilta (som Øyvind i si tid laga) vart skifta ut, og nye aluminiumsplater vart montert på utkastskilta på både 18- og 9-korgsbana; - og det i 12. time før turneringsstart for Vestkysttouren 😊

Eit av våre hovudmål er såleis nådd i år 2020; - å ferdigstille eit fullverdig diskgolffanlegg i- og rundt Solund Idrettspark og friluftsområde, til fri bruk innbyggjarar og tilreisande.

Fokus frametter skal vera å bruke dette mest mogleg til både aktiv trening og konkurransar, så vel som for leik og sosial hygge for alle generasjonar.

Økonomi:

Lauget hadde eit negativt driftsresultat på kr. 3.451,13 i år 2019 .

Det negative resultatet skuldast at lauget har nytta dei avsette midlar som var dedikert fullføringa av den re-etablerte 9-korgs bana (kr. 9.381). Dette vert dekkja opp ved at vi har fått refundert moms, etter eigne investeringar i år 2018 (kr. 8.800).

Når det gjeld resultatet frå sjølve Vestkysttour arrangementet, så kan dette sjå negativt ut ved første augnekast. Men om ein reknar med gevinsten på sal av laugsdiskar under arrangementet (25 stk.) og trekker frå vedlikehald som likevel må gjerast årleg, så er rekneskapen for touren i god balanse.

Det vart ikkje kravt inn kontingent for år 2019. Dette fordi lauget ikkje hadde eit løpande aktivitetstilbod i drift frå våren 2019. Lauget kan ikkje ta seg betalt for bruken av anlegget, fordi anlegget er finansiert av tippemidlar. Bruken skal såleis vera til fri bruk og tilgjengeleg for alle. Det betyr at ein innimellom må lauget skaffe nokre inntekter, for å kunna dekkja løpande driftsutgifter.

Resultatet er langt betre enn venta, sidan momsrefusjonen ikkje var rekna med i budsjettet. Likeins er likviditeten også betre enn venta, noko som gjer at ein med innkalling av normal kontingent i år 2020, kan klare å gjennomføre ein Vestkysttour, og å handtere løpande driftsutgifter.

Konklusjon:

Driftsåret 2019 kan delast i 2.

Først 5 månader med svært høg aktivitet og fokus på å lukkast med å ferdiggjere heile diskgolffanlegget, og å arrangere Vestkysttouren i Solund for første gong. Dette lukkast ein svært godt med.

Derneft har aktiviteten gått over i ei meir automatisert drift. Leiaren og lauget har ikkje hatt kapasitet til å halde drift i noka løpande aktivitet.

Men frå ein parkettplass i Storehaugen har leiaren likevel hatt stor glede av å observere liv på både diskgolffanene og i Idrettsanlegget gjennom heile året, og klangen frå diskar som treff diskgolffkjettingar har vore umiskjennelege, særleg i høgtider og i sommarferien. Slik lyd fungerer som balsam for ei sart diskgolfsjel.

Frå og med neste vårløysing, vil vi prøve å ta opp igjen søndagsgolfen som ein fast aktivitet, og så smått sette fokus på rekruttering og opplæring i denne folkelege diskgolff«sporten».

Solund Sendebrettlaug ser fram til eit spanande nytt diskgolffår.

Hardbakke 29. februar 2019

Styret

sign.



Sak 6: Godkjenning av rekneskap

Urevidert rekneskap (er hjå revisor):

Resultatrapport

Solund II
994086154

Regnskapsår: 01.01.2019 - 31.12.2019

Gjelder periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

	Periode	Akkumulert
Driftsinntekter		
3130 Bading	17 759,40	17 759,40
3140 Medlemskontingent	50 275,00	50 275,00
3150 Inntekt kiosk	3 970,02	3 970,02
3185 SIL klær	4 008,00	4 008,00
3420 Grasrotandelen	36 604,20	36 604,20
3425 Spelemidler til utstyr	11 535,00	11 535,00
3460 LAM (lokale aktivitetsmidler)	45 736,00	45 736,00
3480 Morskompensasjon	85 676,00	85 676,00
3490 Tilskot transportmidler	8 000,00	8 000,00
3920 Eigenandel cup, kurs	16 446,70	16 446,70
3930 Eigenandel trimrom	9 344,21	9 344,21
3940 GÅVER	15 000,00	15 000,00
	304 354,53	304 354,53
Driftskostnader		
4795 Solund Idrettspark	-1 044,00	-1 044,00
4820 Utgifter barneidrettskule	-534,00	-534,00
4830 Utgifter bading	-6 041,53	-6 041,53
4840 Utgifter kiosk	-2 634,19	-2 634,19
4870 Utgifter trimrom	-41 441,75	-41 441,75
4875 Utgifter fjelltrimprosjekt	-3 349,60	-3 349,60
4880 Utgifter cup / stemne	-59 574,45	-59 574,45
4895 SIL klær	-8 154,50	-8 154,50
6460 Bankboksleige	-280,00	-280,00
6470 Leige postboks	-1 777,50	-1 777,50
6480 Regnskapsprogram abonnement	-2 685,00	-2 685,00
6610 Treningsutstyr	-10 479,15	-10 479,15
6800 Kontorrekvisita (Res)	-148,70	-148,70
6840 Aviser, tidsskrifter, bøker etc	-899,00	-899,00
6860 Møter, kurs, oppdatering etc.	-5 151,13	-5 151,13
6870 Heimeside utgifter	-951,93	-951,93
6940 Porto	-112,00	-112,00
7040 Forsikring og avgifter	-3 960,00	-3 960,00
7410 Kontingenter, ikke fradrag	-4 059,00	-4 059,00
7440 Gave til frivillige/aktiv leiarar	-5 130,40	-5 130,40
7460 Premier	-9 577,30	-9 577,30
7770 Bank og kortgebyrer	-932,00	-932,00
7780 Gebyr	-648,00	-648,00
7790 Godtgjersle udokumenterte utgifter	-3 000,00	-3 000,00
	-172 565,13	-172 565,13
Driftsresultat	131 789,40	131 789,40
Finansielle poster		
8040 Renteinntekter, skattefrie	6 517,00	6 517,00
Ordinært resultat før skatt	138 306,40	138 306,40
Ordinært resultat	138 306,40	138 306,40
Årsresultat	138 306,40	138 306,40



Balanserapport

Solund II
994086154

Regnskapsår 01.01.2019 - 31.12.2019

Gjelder periode: 01.01.2019 - 31.12.2019

	Ved periodens begynnelse	Endring	Ved periodens slutt
EIENDELER			
Omløpsmidler			
1920 Bankinnskudd	49 705,55	-6 980,60	42 724,95
1925 Sparekonto 3705 03 72031	349 710,55	146 487,00	496 197,55
1930 Sparekonto 3847 61 02879	6,00	0,00	6,00
	<u>399 422,10</u>	<u>139 506,40</u>	<u>538 928,50</u>
SUM EIENDELER	399 422,10	139 506,40	538 928,50
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Egenkapital (innskutt og opptjent)			
2050 Annen egenkapital	-393 306,49	2 684,39	-390 622,10
Udisponert resultat			
Udisponert resultat	0,00	-138 306,40	-138 306,40
Sum egenkapital (inkl. udisp. resultat)	-393 306,49	-135 622,01	-528 928,50
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
2710 Inngående mva, høy sats	2 684,39	-2 684,39	0,00
2900 Depositum nekler trimrom	-8 800,00	-1 200,00	-10 000,00
	<u>-6 115,61</u>	<u>-3 884,39</u>	<u>-10 000,00</u>
Sum gjeld	-6 115,61	-3 884,39	-10 000,00
SUM EGENKAPITAL OG GJELD	-399 422,10	-139 506,40	-538 928,50
Saldo	0,00	0,00	0,00



Sak 7: Godkjenning av budsjett

BUDSJETT SOLUND IDRETTSLAG 2020

INNTEKT

KIOSK	4000
BADING	20000
FRUKTORDNING BAMA	1250
EIGENANDEL CUP, KURS	17000
EIGENANDEL TRIMROM	10000
MOMSKOMPENSASJON	10000
GRASROTANDELEN	40000
MEDLEMSKONTINGENT	52000
LAM, LOKALE AKTIVITETSMIDLER	45000
SPONSOR GÅVE	15000
SIL KLEDE	5000

UTGIFT

STEVNEUTGIFTER	40000
TRENINGSUTSTYR	50000
REKNEKAPSPROGRAM ABONNEMENT	2800
REKVISITA/INVENTAR	7000
VASK AV TRIMROM	8000
UTGIFTER BADING - KURS / SERVERING	8000
UTGIFTER KIOSK	2500
UTGIFTER BARNEIDRETTSKULE (NISSEMARSJ)	600
UTVIKLE FJELLTRIMMEN	4000
SOLUND IDRETTSPARK	50000
UDOKUMENTERTE UTGIFTER STYRE	3000
SERVERING MØTE	3000
KONTORREKVISITA	1000
TIDSSKRIFT	500
KOPIERING	200
HEIMESIDE	1000
LEIGE POSTBOKS	1800
PORTO	100
BANK GEBYR	1000
GEBYR	650
MEDLEMSKONTINGENT	6000
GAVER/PREMIER	13000
KLEDE / GÅVE TIL AKTIVITETSLEIARAR	9000
SPONSING VOSSAHELG	2000
FORSIKRING	4100



SUM INNTEKT	219250	
SUM KOSTNAD		219250
<hr/>		
RESULTAT	0	

Sak 8: Medlemskontigent 2020

Forslag om å halde kontigenten slik den var i 2019.

Familiemedlemskap:	kr. 750,- (vart auka i 2018 frå kr. 700,-)
Enkeltmedlemskap vaksen (over 18 år):	kr. 400,-
Enkeltmedlemskap barn (under 18 år):	kr. 250,-
Studentmedlemskap:	kr. 250,-
Støttemedlemskap (ikkje aktiv):	kr. 200,-
Trimrom (i tillegg til medlemskap:	kr. 400,-
Depositum nøkkel trimrom	kr. 100,-

Sak 9: Val

Framlegg frå valnemda til Solund IL sitt årsmøte 2020.

Val av leiar.

Irene Sanden har vore leiar i 2019-tek attval

Framlegg frå valnemda: Irene Sanden

Val av styremedlemar:

Fylgjande styremedlemar er på val:

Kim Arnes-tek attval, Daniel Røed-tek ikkje attval, Stella Tomczuk ynskjer å gå ut av styret.

Framlegg frå valnemda:

Kim Arnes-2 år

Stein Hogne Strand-2 år (ny)

Gro Pollen-1 år (ny)

Val av varamedlemar:

Fylgjande varamedlemar er på val:

Kjell Mongstad-tek attval, Nina Bauge-tek attval

Framlegg frå valnemda:

Kjell Mongstad-2 år

Nina Bauge-2 år

Val av revisor:

Vigdis Ravnøy er på val-tek attval

Framlegg frå valnemda: Vigdis Ravnøy-2 år



Val av kasserar:

Heidi Sanden er på val-tek attval

Framlegg frå valnemda:Heidi Sanden

Val av valnemd:

Anita Lien Einen er på val-tek attval

Framlegg frå valnemda:Anita Lien Einen-2 år

Anita Lien Einen, Bjørn Trovåg

Hardbakke 03.03.2020